

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
055/16	Plan- og kommunalteknisk utval	PS	01.06.2016

Saksbehandlar	ArkivsakID
Maria Eikedal	14/1495

## 6/1 - Vevletveit - Stoppordre for steinknuseverket på Vevletveit - Klage på vedtak.

### Vedlegg:

6/1 - Vevletveit - Gjeld masseuttak - stoppordre - varsel om pålegg og retting og tvangsmulkt - plan- og bygningslova §§ 32-3, 32-4 og 32-5  
6/1 - Vevletveit - Masseuttak - rettleiing  
6/1 - Vevletveit - Stoppordre og rettingspålegg  
Utklipp fra brev datert 20. august 2012:  
Utslippstillatelse for drift av pukkverk, Osterøy kommune  
Overtakelse av konsesjon for steinknuseverk på gnr 6 bnr 1 , Vevletveit  
Avtale om tilsyn ved steinknuseverk på Vevletveit  
Rapport fra inspeksjon ved Roger Hartveit sitt pukkverk, Osterøy kommune 27. august 2014  
Situasjonskart  
RV 567 Hauge - Lonevåg reguleringsføresegner  
Referat fra arbeidsmøte hos Statens vegvesen - 25.10.13  
Kommunedelplan Hauge - Steinknuseverket på Vevletveit  
Referat fra førehandskonferanse planarbeid  
Søknad om oppstart av privat reguleringsplan  
Melding om vedtak - Oppstart reguleringsplan for masseuttak - Vevletveit  
Krav om gebyr for planarbeid - Reguleringsplan for masseuttak Vevletveit  
Oppsummering fra møte om Steinknuseverket på Vevletveit  
Referat fra møte med plankonsulent om regulering - Vevletveit  
Melding om igangsetting av privat planarbeid for massetak  
Vevletveit gnr 6 bnr 1 - Oppstart av privat planarbeid for massetak  
Avklaring vedrørende reguleringsplan for masseuttak - Vevletveit  
Avslutta reguleringssak - Vevletveit  
Terreng - Masseberegning av byggegrop  
Oppfølging av vilkår sett i løyve til midlertidig omsisponering av dyrka mark - stoppordre  
Masseuttak gnr. 6 bnr. 1 Vevletveit  
Oppfølging av krav om driftskonsesjon etter mineralloven  
Ad. oppfølging av krav om driftskonsesjon - gbnr. 6/1 i Osterøy kommune - Fotlandsvåg maskinentreprenør AS  
E- post vegne av Fotlandsvåg Maskinentreprenør AS  
Utsettelse av svarfrist på DMF sitt brev  
Utfylt skjema for tilbakemelding om mineraluttak  
Referat - Oppstartsmøte i plansaker i region Nordhordland og Gulen  
Kontoutskrift kunder - Fotlandsvåg Maskinentreprenør - Osterøy kommune  
Kontoutskrift kunder - Fotlandsvåg Maskinentreprenør - H. Skistad Transport AS  
E-post - Steinbrudd på Vevletveit - Ulovleg virksomhet  
6/1 - Vevletveit - Planering av areal

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

"Klage av 13.05.2015 vert ikkje teke til fylgje.

Klagen vert med dette å sende til Fylkesmannen for avgjerd, jf. plan- og bygningslova § 1-9."

### Plan- og kommunalteknisk utval - 055/16

#### **PL - behandling:**

Ragnar J. Tyssebotn, FRP, viste til spørsmål om gildskap i saka og bad om felles gruppemøte.

Kim A. Hartveit, FRP, bad om lukka møte i samband med vurdering av gildskap.

-----

Utvalet vedtok samrøystes å handsama spørsmål om gildskap i lukka møte. Vedtaket vart gjort med heimel i kommunelova § 31, nr. 4.

-----

Det vart halde pause i drøftingane frå kl. 15. 30 - kl. 15.35 med gruppemøte for FRP.

-----

Ragnar J. Tyssebotn, FRP, bad om vurdering av gildskap for sitt vedkomande som onkel til tiltakshavar og personlege grunnar.

Kim A. Hartveit, FRP, bad om vurdering av gildskap for sitt vedkomande som nevø til tiltakshavar og personlege grunnar.

Siren Tyssebotn, FRP, bad om vurdering av gildskap for sitt vedkomande som kusine til tiltakshavar og personlege grunnar.

- dei tok ikkje del i møtet ved avgjerd om gildskap - 4 medlemmer/varamedlemmer til stades.

#### **AVRØYSTING**

Ragnar J. Tyssebotn, FRP, vart samrøystes kjend ugild, jfr. fvl. § 6, 2. ledd .... *Likeså er han ugild når andre særegne forhold foreligger som er egnet til å svekke tilliten til hans upartiskhet, blant annet skal legges vekt på om avgjørelsen i saken kan innebære særlig fordel, tap eller ulempe for ham selv eller noen som han har nær personlig tilknytning til. ...*, jfr. og kommunelova § 40, nr. 4.

Kim A. Hartveit, FRP, vart samrøystes kjend ugild, jfr. fvl. § 6, 2. ledd .... *Likeså er han ugild når andre særegne forhold foreligger som er egnet til å svekke tilliten til hans upartiskhet, blant annet skal legges vekt på om avgjørelsen i saken kan innebære særlig fordel, tap eller ulempe for ham selv eller noen som han har nær personlig tilknytning til. ...*, jfr. og kommunelova § 40, nr. 4.

Siren Tyssebotn, FRP, vart samrøystes kjend ugild, jfr. fvl. § 6, 2. ledd .... *Likeså er han ugild når andre særegne forhold foreligger som er egnet til å svekke tilliten til hans upartiskhet, blant annet skal legges vekt på om avgjørelsen i saken kan innebære særlig fordel, tap eller ulempe for ham selv eller noen som han har nær personlig tilknytning til. ...*, jfr. og kommunelova § 40, nr. 4.

-----

Møtet vart no opna att - 4 medlemmer/varamedlemmer til stades.

-----

## **AVRØYSTING**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### **PL - vedtak:**

**"Klage av 13.05.2015 vert ikkje teke til fylgje.**

**Klagen vert med dette å sende til Fylkesmannen for avgjerd, jf. plan- og bygningslova § 1-9."**

### **Saksopplysningar:**

#### **Saksopplysningar:**

Osterøy kommune sendte den 22.04.2016 ut stoppordre for drifta av steinknuseverket på eigedom med gnr.6 bnr.1. Til tross for stoppordren har tiltakshavar ikkje stansa drifta. Tiltakshavar har klaga på stoppordren.

#### **Bakgrunn**

Fylkeslandbruksstyret gjorde 1.3.1989 vedtak etter jordlova § 9 om å godkjenne mellombels om disponering av jordbruksareal på denne eigedomen for drift og plassering av steinknuseverk. Det var i saksopplysningane lagt til grunn at arbeidet ville gå over eit tidsrom av 8-9 år. Det vart i vedtaket stilt konkrete vilkår om rekkefølge i arbeidet og attendeføring av areala til jordbruksareal.

Grunneigar/tiltakshavar har ikkje oppfylt vilkåra om attendeføring av areala til jordbruk så langt det gjeld dei areala som ligg sørom fylkesvegen.

Osterøy kommune har i brev 20.08.2012 til tiltakshavar gjeve stoppordre for drifta i steinknuseverket utan at dette er etterkome.

Området vart i kommunedelplan for Hauge 2006-2018 vist som område for råstoffutvinning/massetak/steinknuseverk.

I føresegnene til planen heiter det: «*Vidare arbeid og tiltak kan ikkje finna stad før området inngår i reguleringsplan*».

I retningsliner for planen heiter det: «*Endeleg avgrensing av steinknuseverksemda innanfor*

*området som er avsett på planen skal avklarast i reguleringsplan.*

*I reguleringsplanen bør ein også ta stilling til etterbruk av masseuttaksområdet.*

*Ved vurdering av endeleg avgrensing av steinknuseverket innanfor det planlagde området bør det takast omsyn til den eksponerte plasseringa i landskapet. «*

Kommunedelplan Hauge er sidan innarbeidd i gjeldande kommuneplan/ arealdelen for 2011-2023.

I føresegnene om råstoffutvinning heiter det i pkt. 2.32: « *For område avsett til*

*råstoffutvinning/masseuttak eller vesentleg utviding av eksisterande uttak kan det ikkje setjast i verk arbeid eller tiltak som er nemnt i plan- og bygningslova kap. 20 eller gjennomførast frådelling til slike føremål før området går inn i ein reguleringsplan.*

*Reguleringsplan skal innehalde krav om driftsplan. Driftsplan skal regulere tilhøva før, under og etter driftsperioden, og det skal gå fram korleis området skal sjå ut etter ferdig uttak. Område med lausmassar skal i størst mogleg grad førast tilbake til opphavleg bruk. Heimel: Pbl. § 11-9 nr.1 og nr. 8.*

#### **Rådmannen si vurdering**

I plan- og bygningslova § 12-1 andre avsnitt er det krav om reguleringsplan for tiltak «*der det ellers er behov for å sikre forsvarlig planavklaring og gjennomføring av bygge- og*

*anleggstiltak*», samt etter tredje avsnitt for større tiltak «*som kan få vesentlige virkninger for miljø og samfunn*». Dette masseuttaket går inn under begge alternativa og krev i tillegg

byggesaksbehandling etter plan- og bygningslova § 20-1, k for vesentlige terrenginngrep. Kravet følgjer i denne saka også av kommuneplanen sine fråsegner.

Når det ikkje er utarbeidd reguleringsplan eller er følgd desse fråsegnene, er masseuttaket ulovleg.

Osterøy kommune kan både krevje tiltaket stansa, eventuelt med makt som lensmann m.m., samt forfølgje det som eit ulovleg tiltak med krav om tilbakeføring av massar som retting, og ilegging av tvangsmulkt etter plan- og bygningslova kap. 32.

Klagen inneheld ei rekke faktiske feil. Dei underliggjande vedlegg som klagen viser til dokumenterer også desse faktiske feila. Det er ikkje korrekt at kommunen har fråfalt krav om reguleringsplan i 2012. Tvert i mot viser framlagte dokument at kommunen frå 10 år tilbake har arbeida med å få på plass ein reguleringsplan som kan bringe tiltaket inn i lovlege former. Grunnen til at reguleringsarbeidet vart innstilt i 2012 var at tiltakshavar ikkje stilte i møter og ikkje sende svar i henhold til reguleringsmyndighetens krav.

Osterøy kommune tek avstand frå dei alvorlege og udokumenterte påstandane om maktmissbruk og underslag av bankinnskott i klagen.

Osterøy kommune som plan- og bygningsmyndighet har ei plikt til å sørgje for ulovlegoppfølging. Kommunen kan ikkje velge å la vere å forfølgje eit tiltak utan nødvendige løyve.

## **Konklusjon**

Rådmannen kan ikkje sjå at det kjem fram nye opplysningar i klagen eller at det ligg føre andre omstende som gjer at Plan- og kommunalteknisk utval bør ta klagen til fylgje. Kommunen har plikt til å forfølge ulovlegheiter jf. plan- og bygningslova § 32-1.